



BØMLO KYRKJELEGE
FELLESRÅD



Frå dåpsjubileum i Lykling kyrkje
(Foto Liv Merete)

REKNESKAP
2017

Kommentarar til rekneskapen for 2017

Kyrkja på Bømlo

Totalt sett har 2017 vore eit bra år for Bømlo kyrkjelege fellesråd sett på økonomien isolert sett. Fellesrådet kjem i rekneskapsoppsettet ut med 350 000 i mindre forbruk. Då er det budsjetterte beløpet på 210 000 som var tenkt avsett på disposisjonsfond sett av. 100 900 av mindreforbruket vert overført frå drift til investeringar då prosjekt i 2017 vart noko høgare enn opprinneleg rame. Vidare var det budsjettert med ekstratilskot frå bispedøme på 60 000 til diakoni som ikkje vart realisert. Dette, og mindre gåver til diakoni enn forventa, vert dekkja inn av mindreforbruket totalt sett. Det reell mindreforbruket vert då 178 000 som vert sett av på ubundne disposisjonsfond. Godt økonomisk resultat kan fort vera ein indikator på eit år med lite aktivitet i form av bruk av midlar til vedlikehald, drift med meir, noko som ikkje er eit sterkt tilfelle for fellesrådet i 2017. For 2017 kan det gode resultatet i stor grad forklarast i god økonomisk styring og meir inntekter enn forventa spesielt knytt til festeavgifter. Spesielt for 2017 var også at det var eit «toppår» når det gjaldt festeavgifter med forfall. Det vil seie at det i 2017 forfalt nær dobbelt så mange festeavgifter som dei føregåande fire åra og dei kommande fire åra. Budsjettet for 2017 var også i stor grad sett opp etter forsiktighetsprinsippet med at kostnadane for 2017 var budsjettert noko høgare enn det som kanskje ein i første omgang såg føre seg, dette for å ha ein buffer på kostnadssida, likeeins var inntektene budsjettert noko lågare enn forventa. Med dette forsiktighetsprinsippet ville ein kunne styre økonomiåret med noko buffer både når det gjaldt kostnad- og inntektssida. Det vart i 2017 ikkje gjennomført revidering av budsjettet i løpet av året noko som sjølv sagt burde vore gjort. Dette må ein ta lærdom av for komande år. Ved gjennomgang av rekneskapet er det viktig å vera bevist at alt tilskotet frå eigen kommune er ført som rammetilskot på 0890 Finansieringstransaksjonar. Dette etter nye føringar knytt til Kostra for 2017.

Kommentarar til hovudoversikten - drift

Kostnadssida

Ser ein på hovudtala for rekneskapet opp mot budsjett på kostnadssida har ein komme ut svært tett opp mot det som var budsjettert. Lønnskostnadane har for fellesrådet vore totalt 25 000 høgare enn budsjettert, for varer og tenester litt over 10 000, og for refusjonar/overføringar litt over 32 000. Meirforbruket på refusjonar/overføringar har mykje av si forklaring i avvik frå budsjettert i tilknytning til refusjon av 50% prestestilling. Noko av det utgjer også ubrukte diakonimidlar som ein i 2016 fekk til arbeid knytt til aktivitetar for innvandrarane i Bømlo kommune. Som vi veit vart flyktningmottaka i Bømlo nedlagt i 2016, noko som førte til at grunnlagt for bruk av midlane vart fjerna, og tilbakeføring av midlane vart påkravd.

Inntektssida

Det absolutt største avviket frå budsjettet finn ein under brukarbetaling, sal, og leigeinntekter. Det var her budsjettert med innkomne midlar på 1 144 600, medan det ved årsslutt enda på

1 597 000 i inntekter for fellesrådet. Eit positivt avvik på 450 000. Dette skyldas i stor grad forsiktighetsprinsippet som vart nytta ved budsjettering av festeavgifter. Ein kan til ein viss grad gjere eit grovt anslag på kor mykje ein vil få inn i festeavgifter. Ein kan finne ut kor mange graver som skal fakturerast i løpet av året, men kor mange som ynskjer å slette gravene dei er festar på og kor mange som ynskjer å fortsetje å betale festeavgift er vanskeleg å forutsjå. Det er også vanskeleg å vete kor mange som ynskjer reservasjonar av graver for det kommande året, og kor mange personar som kjem utanbygdes som ynskjer å gravleggast i Bømlo kommune. Det er nok også lagt større vekt på å budsjettert i forhold til historisk budsjett tall for festeavgifter enn å lage reelle prognosar. Slike tilfelle gir fort store positive avvik mot budsjett. Ettersom avvika på brukarbetaling, sal, og leigeinntekter er noko negativt på 042* - Kyrkjer, og ein heil del (-47 000) på 044* - Andre kyrkjelege føremål kunne avviket vore enda høgare dersom dei andre hadde vore nærare budsjett.

Også på refusjonar/overføringar frå andre har ein i 2017 hatt eit stort positivt avvik på rundt 91 000. Mykje av dette har si forklaring i for lågt budsjett på posten for refusjon sjukeløn. Under tilskot og gåver er det negativt avvik på 106 000. Mykje av det kan forklarast i at ein har sove i timen når det gjeld søknad om midlar frå bispedømet til diakoniarbeidet. Her har det tidlegare vore delt ut ekstratilskot frå bispedøme som ikkje har vore tilstrekkelege følgd opp. Vidare har heller ikkje tilskot til trusopplæring og pedagogtilskot følgd lønns og pris auke men blitt holdt på same kronebeløp som tidlegare år. Dette gir også eit negativt avvik på inntektssida i forhold til budsjett.

Kommentarar til investeringsrekneskapen

Ettersom det ikkje var løyvd nye investeringsmidlar til Bømlo kyrkjelege fellesråd i 2017 var det få prosjekt som stod på dagsorden for 2017. Med 470 000 i tidlegare års udisponerte investeringsmidlar var det slutføring av prosjektet med asfaltering, hovudsakleg montering av gatelys for parkeringsplassen, og utbetring av fasilitetane verd Lykling kyrkjegard/ renovering av servicebygget som stod for tur. Renovering av servicebygget vart starta hausten 2017 og vart avslutt i byrjinga av 2018. Difor vart endo noko av dei udisponerte investeringsmidlane (107 800) vidareført til 2018. Dette kjem fram i balansen. Som nemne tidlegare er 100 900 av mindreforbruket på drift brukt til investeringar. Bokføring vert ikkje før i 2018.

Kommentarar til dei ulike tenestene

041* Administrasjon

Administrasjonen kjem for 2017 ut med eit positivt avvik på nær 16 000. Dette skyldast i hovudsak avvik i refusjon i form av sjukeløn. Samla kjem varer og tenester og kjøp av utstyr ut i balanse i forhold til budsjett. Ein har med andre ord hatt ei god styring på tenesta administrasjon.

042* Kyrkjer

Når det gjeld Kyrkjer kjem ein for 2017 ut med eit negativt avvik på litt over 27 000 i forhold til budsjett. Her er det refusjon for sjukefråvær (48 000) som gjer at det avviket ikkje vert større. Ein har hatt fleire sjukemeldingar innanfor tenesta 042* - Kyrkjer, men ein har ordna det til ved å anten nytta frivillige, eller løyst utfordringane internt. Ein har også nytta 34 000 meir i varer og tenester, og utstyr, materiell og vedlikehald enn det som var budsjettert. Samstundes kjem refusjon til bispedøme på 22 000 meir enn budsjettert for 50% prestestilling.

043* Kyrkjegardar

Det er under tenesta «043* - Kyrkjegardar» at ein heilt klart ser det største avviket for 2017 i fellesrådet sitt rekneskap. Det positive avviket under sal, eigenbetaling og avgift på 507 000 skyldast i all hovudsak for dårleg førearbeid med budsjettala for posten. Festeavgiftene går i 5 års syklusar der ein kvart 5. år har ein topp med dobbelt så mange festeforfall i forhold til dei fire andre åra. Ein var bevisst på at 2017 var eit slik år, men ein hadde likevel for dårleg prognose på kva dette ville gi av inntekter knytt til festeavgifter. Noko av avviket kan likevel skyldast eit svært godt arbeid med innkrevjing av festeavgiftene og også oppryddingsarbeidet med graver som ikkje har hatt festarar m.m. Ein finn også eit positivt avvik under refusjonsinntekter på 27 000 som skyldast lønstilskot i tilknytning til sommararbeidarar som me hadde som tilsette frå NAV. På kostnadssida har ein eit meirforbruk på varar og tenester og utstyr, materiell og vedlikehald på ca. 111 000. Dette forklarast i all hovudsak av dreneringsarbeid på Bremnes nye gravplass som vart gjennomført på grunn av dei svært kritiske vassforholda på gravplassen. Prosjektet vart finansiert av drift.

044* Andre kyrkjelege føremål

Under andre kyrkjelege føremål finn ein tenestene «0440 Andre kyrkjelege føremål», «0441 Diakoni», «0442 Trusopplæing», «0443 Konfirmantar» og «0449 Estlandsarbeidet». Det er i dette ikkje teke høgde for å drøfta kvar enkelt av tenestene men sjå på totalen og kommenterer nokre hovudmoment knytt til dette. 0440 og 0442 må i stor grad sjåast i lag då det bere er pedagogar som er lønna frå desse teneste. Innan 0440 finn ein statleg tilskot knytt til kateket/pedagogoppgåver og under 0442 finn ein statlege trusopplæringsmidlar. Begge desse tilskota har negative avvik då det frå sentralt hald ikkje er lagt inn pris- og lønsauke. Tenesta 0440 – Andre kyrkjelege føremål kjem ut med eit negativt avvik frå budsjett på litt over 50 000. Nokon av dette kan skyldast punktet over med dei statlege midlane, noko av det skyldast manglande søkerutinar for tilskot m.m. Avviket vert likevel «redda inn» med nøktern bruk av midlar til «Varer og teneter», og «Utstyr, materiell og vedlikehald».

Samla sett rår sokneråda og fellesrådet over store midlar. Fellesrådet sitt budsjett for 2017 var kr 12,2 mill til drift og 470 000 til investering.



Del 1: Hovudtal

Hovudoversikt - Drift	Vedlegg 1
Investering	Vedlegg 2
Prosjektrekneskap	Vedlegg 3
Balanse	Vedlegg 4



Aktivitetsdage med båttur i Kulleseid kanalen.

REKNESKAP 2017 - HOVUDOVERSIKT DRIFT

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Rekneskap 2016	AVVIK Rekn-Bud 2017
INNETEKTER				
600-659 Brukarbetaling, salg-, avgifter og leigeinntekter	-1 597 929	-1 144 678	-1 067 871	453 251
660-679 Salg av driftsmidlar / fast eigendom	0	0	0	0
728-729 Momsrefusjon	-538 998	-464 993	-458 503	74 005
700-789 Andre refusjonar/overføringar	-634 093	-542 931	-435 946	91 162
790 Kalkulatorisk inntekt ved komm.tenesteyting	-261 953	-261 953	-241 000	0
800-829 Statlege tilskot	-1 468 540	-1 574 986	-1 482 540	-106 446
830-839 Rammeoverføring / Tilskot frå eigen kommune	-7 702 000	-7 701 922	-7 514 000	78
840-859 Tilskot frå fellesråd /sokneråd	-200 000	-199 998	-200 000	2
860-879 Andre tilskot, gáver, innsamla midlar	-308 580	-297 948	-287 141	10 632
Sum driftsinntekter	-12 712 093	-12 189 409	-11 687 001	522 684
UTGIFTER				
010-099 Løn og sosiale utgifter	7 811 720	7 786 408	7 534 602	-25 312
100-299 Kjøp av varer og tenester	2 920 924	2 910 272	3 051 006	-10 652
300-389 Refusjonar / Overføringar	470 083	438 015	425 517	-32 068
390 Kalkulatorisk utgift ved komm.tenesteyting	261 953	261 963	241 000	10
429 Moms generell kompensasjon	538 998	465 007	458 503	-73 991
400-479 Tilskot og gáver	127 062	133 534	143 335	6 472
Sum driftsutgifter:	12 130 740	11 995 199	11 853 963	-135 541
Brutto driftsresultat:	-581 353	-194 210	166 962	387 143
900-909 Renteinntekter og utbytte	-48 743	-29 998	-31 801	18 745
920-929 Mottekne avdrag på utlån	0	0	0	0
500-509 Renteutgifter og låneomkostn.	0	0	0	0
510-519 Avdrag på lån	0	0	0	0
520-529 Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l	0	0	0	0
Netto finansinntekter /-utgifter	-48 743	-29 998	-31 801	18 745
590 Avskrivningar	1 741 791	0	1 772 393	-1 741 791
990 Motpost avskrivningar	-1 741 791	0	-1 772 393	1 741 791
Netto driftsresultat	-630 096	-224 208	135 161	405 888
INTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONAR				
930 Bruk av udisponert frå tidl. år (overskot)	0	-1 798	-269 166	-1 798
940-949 Bruk av disposisjonsfond	0	-268 999	0	-268 999
950-959 Bruk av bundne fond (stell, diakoni og sangaste)	-13 999	-13 999	-184 815	0
960 Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0
Sum bruk av avsetningar	-13 999	-284 796	-453 981	-270 797
530 Avsett til dekning frå tidligere år (underskot)	0	299 002	0	299 002
540-549 Avsett til disposisjonsfond	210 002	210 002	314 014	0
550-559 Avsett til bundne fond	82 126	0	4 806	-82 126
560 Avsett til/ Styrking av likviditetsreserven	0	0	0	0
570 Overført til investeringsreknaskapen	0	0	0	0
Sum avsetningar	292 128	509 004	318 820	216 876
580 REKNESKAPSMESSIG MINDREFORBRUK	-351 967	0	0	351 967

REKNESKAP 2017 - INVESTERING

	Rekneskap 2017	Opprinn. budsjett 2017	Rekneskap 2016
INVESTERING			
010-299 Investeringar i anleggsmidler	327 470	470 000	530 869
380 Bruk av eigen konsulent/Internoverføring		0	53 121
390 Kalkulatoriske utgifter Bømlo kommune		0	0
429 Moms generell kompensasjonsordning	56 354	0	132 717
500 Renteutgifter, låneomkostningar		0	0
510 Avdrag på lån (ekstraord)		0	0
520-529 Utlån, kjøp av aksjer, andeler o.l.	39 271	0	34 313
530 Dekning av tidl. års rekn.messig meirforbruk		0	0
580 Udisponert i investeringsrekneskapen		0	474 574
Finansierungsbehov i år	423 095	470 000	1 225 594

FINANSIERT SLIK

660-670 Inntekt frå salg av driftsmidler / fast eigen.	0	0	0
700-779 Refusjonar	-56 354	0	-132 717
791 Kalkulatoriske inntekter Bømlo kommune	0	0	0
800-879 Tilskot til investeringar	0	0	-1 000 000
910 Bruk av lånemidlar	0	0	0
920 Mottekne avdrag på utlån (ekstraord)	0	0	0
Sum ekstern finansiering	-56 354	0	-1 132 717
930 Bruk av tidlegare års udisponert	-366 741	-470 000	-92 877
940-960 Bruk av tidlegare års avsetningar	0	0	0
970 Overført frå driftsrekneskapen	0	0	0
Sum finansiering	-423 095	-470 000	-1 225 594

Udisponert i investeringsrekneskapen frå 2017	0	0	0
--	----------	----------	----------

Udisponert utgang 2016	474 574
Brukt udisponerte midlar	-366 741
Udisponert igjen frå 2016	107 833

PROSJEKTRKESKAP 2017

Kon to	Konto (T)	Rekneskap 2017	Opprinn. budsjett 2017	Revidert 2017	Avvik
2300	Nybygg og nyanlegg	18 986,00	20 000,00	20 000,00	1 014,00
4290	Moms generell kompensasjon	4 746,50	0	0	-4 746,50
7290	Komp. for mva ført i inv.	-4 746,50	0	0	4 746,50
4252	Lykling kyrkje - Asfaltering park.plass	18 986,00	20 000,00	20 000,00	1 014,00
2300	Nybygg og nyanlegg	308 483,60	350 000,00	450 000,00	141 516,40
4290	Moms generell kompensasjon	51 607,10	0	0	-51 607,10
7290	Komp. for mva ført i inv.	-51 607,10	0	0	51 607,10
4326	Utbetring fasiliteter Lykling kyrkjegard	308 483,60	350 000,00	450 000,00	141 516,40
2300	Nybygg og nyanlegg	0	100 000,00	0	0
4350	Rullering av gravferdsplan	0	100 000,00	0	0
5200	Utlån, kjøp aksjar og andelar	39 271,00	0	0	-39 271,00
9300	Bruk av tidligere års udisponert	-366 740,60	-470 000,00	-470 000,00	-103 259,40
9999	Finansiering	-327 469,60	-470 000,00	-470 000,00	-142 530,40
		0	0	0	0

REKNESKAP 2017 - BALANSE

	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
EIGEDLAR		
Kap 2.2 Anleggsmidler	56 576 982	57 895 702
2.27-2.29 Faste eiendommer og anlegg (Note 1)	51 522 993	52 445 979
2.24-2.26 Utstyr, maskiner og transportmidler	4 696 800	5 131 805
2.22-2.23 Utlån	0	0
2.21 Aksjar og andelar (Note 2)	357 189	317 918
Kap 2.1 Omløpsmidlar	3 654 788	3 213 978
2.13-2.17 Kortsiktige fordringer (Note 3)	247 204	172 464
2.18 Aksjar og andelar	0	0
2.12 Sertifikater	0	0
2.11 Obligasjoner	0	0
2.10 Kasse, bankinnskudd	3 407 584	3 041 514
<i>Sum eignedelar</i>	60 231 770	61 109 680
EIGENKAPITAL OG GJELD		
Kap 2.5 Eigenkapital	-58 824 826	-59 880 190
2.56-2.58 Disposisjonsfond	-524 016	-314 014
2.51-2.52 Bundne driftsfond (Note 4)	-1 264 027	-1 195 900
2.53-2.54 Ubundne investeringsfond (Note 5)	0	0
2.55 Bundne investeringsfond	0	0
2.5900 Rekneskapsmessig meirforbruk (Uinndekka underskot)	0	0
2.5950 Rekneskapsmessig mindreforbruk (Udisp. overskot) (Note 6)	-351 967	0
2.5960 Udisponert i investeringsrekneskapen (Note 7)	-107 834	-474 574
2.5970 Udekket i investeringsrekneskapen		0
2.5980 Likviditetsreserve		0
2.5990 Kapitalkonto	-56 576 982	-57 895 702
Gjeld		
Kap 2.4 Langsiktig gjeld:	0	0
2.41-2.42 Ihendehaverobligasjonslån		
2.43-2.44 Sertifikatlån		
2.45-2.49 Andre lån		
Kap 2.3 Kortsiktig gjeld:	-1 406 944	-1 229 490
2.31 Kassakredittlån	0	0
2.32-2.39 Annan kortsiktig gjeld	-1 406 944	-1 229 490
<i>Sum eigenkapital og gjeld</i>	-60 231 770	-61 109 680
Kap 2.9 Memoriakonti:		
2.9100 Ubrukte lånemidler		0
2.92-2.9899 Andre memoriakonti		0
2.9999 Motkonto for memoriakontiene		0

Del 2: Rekneskapen fordelt på dei ulike funksjonane

Føremål 041* Kyrkjeleg administrasjon	Vedlegg 5
Føremål 042* Kyrkjer	Vedlegg 6
Føremål 043* Gravplassar	Vedlegg 7
Føremål 044* Andre kyrkjelege føremål	Vedlegg 8
Føremål 089* Finansieringstransaksjonar	Vedlegg 9

Samla rekneskapstal for funksjonane


Funksjon	SUM kostnad	SUM inntekt	SALDO
Kyrkjeleg administrasjon	2 544 090	-863 275	1 680 815
Kyrkjer	4 430 436	-243 417	4 187 019
Gravplassar	2 507 480	-1 629 924	877 556
Andre kyrkjelege føremål	2 648 734	-2 273 477	375 257
Finansieringstransaksjonar	2 385 886	-9 506 533	-7 120 647
	14 516 626	-14 516 626	0



Dåpsjubileum i Lykling kyrkje


REKNESKAP 2017 - KYRKJELEG ADMINISTRASJON 041*

Konto	Konto(T)	Rekneskap	Total budsjett	Avvik
0	Lønn	1 720 111	1 650 669	-69 442
1	Varer og tenester	280 797	246 873	-33 924
2	Utstyr, materiell, vedlikehald	130 177	164 066	33 889
3	Refusjon (inkl. kalkul. poster)	264 453	261 963	-2 490
4	Tilskot og g��ver	100 000	100 001	1
429	Meirverdiavgift	48 552	70 001	21 449
Sum bruk av midlar		2 544 090	2 493 573	-50 517
6	Sal, eigenbetaling, avgift	-15 706	-9 986	5 720
7	Refusjon	-537 064	-454 963	82 101
728 / 9	Refusjon mva.	-48 552	-69 999	-21 447
790	Annan refusjon (kalkulat. poster)	-261 953	-261 953	0
8	Tilskot og g��ver	0	0	0
Sum tileigna midlar		-863 275	-796 901	66 374
BALANSE		1 680 815	1 696 672	15 857





REKNESKAP 2017 - KYRKJER 042*

Konto	Konto(T)	Rekneskap	Total budsjett	Avvik
0	Lønn	2 929 957	2 924 045	-5 912
1	Varer og tenester	588 763	461 500	-127 263
2	Utstyr, materiell, vedlikehald	299 513	392 232	92 719
3	Refusjon (inkl. kalkulat. poster)	432 700	410 014	-22 686
4	Tilskot og g��ver	590	0	-590
429	Meirverdiavgift	178 913	160 001	-18 912
Sum bruk av midlar		4 430 436	4 347 792	-82 644
6	Sal, eigenbetaling, avgift	-15 263	-27 988	-12 725
7	Refusjon	-48 641	0	48 641
729	Refusjon mva.	-178 913	-159 999	18 914
790	Annan refusjon (kalkulat. poster)	0	0	0
8	Tilskot og g��ver	-600	0	600
Sum tileigna midlar		-243 417	-187 987	55 430
				0
BALANSE		4 187 019	4 159 805	-27 214



REKNESKAP 2017 - KYRKJEGARDAR 043*


Konto	Konto(T)	Rekneskap	Total budsjett	Avvik
0	Lønn	1 160 537	1 172 546	12 009
1	Varer og tenester	225 849	294 310	68 461
2	Utstyr, materiell, vedlikehald	841 357	661 551	-179 806
3	Refusjon	0	0	0
4	Tilskot og gåver	4 972	20 013	15 041
429	Meirverdiavgift	274 765	200 001	-74 764
Sum bruk av midlar		2 507 480	2 348 421	-159 059
6	Sal, eigenbetaling, avgift	-1 307 514	-799 954	507 560
7	Refusjon	-47 645	-19 994	27 651
729	Refusjon mva.	-274 765	-199 999	74 766
790	Annan refusjon	0	0	0
8	Tilskot og gåver	0	0	0
Sum tileigna midlar		-1 629 924	-1 019 947	609 977
BALANSE		877 556	1 328 474	450 918




REKNESKAP 2017 - ANDRE KYRKJELEGE FØREMÅL 044*

Konto	Konto(T)	Rekneskap	Opprinn. budsjett	Avvik
0	Lønn	1 983 961	2 008 136	24 175
1	Varer og tenester	561 745	692 542	130 797
2	Utstyr, materiell, vedlikehold	9 877	28 210	18 333
3	Refusjon	34 883	28 001	-6 882
4	Tilskot og g�aver	21 500	13 520	-7 980
429	Meirverdiavgift	36 768	35 004	-1 764
Sum bruk av midlar		2 648 734	2 805 413	156 679
6	Sal, eigenbetaling, avgift	-259 446	-306 750	-47 304
7	Refusjon	-743	-67 974	-67 231
729	Refusjon mva.	-36 768	-34 996	1 772
790	Annan refusjon	0	0	0
8	Tilskot og g�aver	-1 976 520	-2 072 932	-96 412
Sum tileigna midlar		-2 273 477	-2 482 652	-209 175
BALANSE		375 257	322 761	-52 496

KOSTNAD



INNETKT



REKNESKAP 2017 - FINANSIERINGSTRANSAKSJONAR

Konto	Konto(T)	Rekneskap	Opprinn. budsjett	Justeringar	Total budsjett	Avvik
15300	Dekn. av tidligere års meirforbruk	0	299 002	0	299 002	299 002
15400	Avsetning til disposisjonsfond	210 002	210 002	0	210 002	0
15500	Avsetning til bundne fond	82 126				
15800	Rekneskapsmessig overskot	351 967	0	0	0	-351 967
15900	Avskrivingar	1 741 791	0	0	0	-1 741 791
Sum bruk av midlar		2 385 886	509 004	0	509 004	-1 876 882
18300	Finansiell overf. Frå kommunen	-7 702 000	-7 702 000	0	-7 702 000	0
19000	Renteinntekter	-48 743	-29 998	0	-29 998	18 745
19300	Bruk av tidl. års mindreforbruk	-0	-1 798	0	-1 798	-1 798
19400	Bruk av disp.fond	-0	-268 999	0	-268 999	-268 999
19500	Bruk av bundne fond	-13 999	-13 999	0	-13 999	0
19900	Motpost avskrivningar	-1 741 790	0	0	0	1 741 790
Sum tileigna midlar		-9 506 533	-8 016 794	0	-8 016 794	1 489 739
BALANSE		-7 120 647	-7 507 790	0	-7 507 790	-387 143

REKNESKAP 2017 -
OVERSIKT OVER HOVEDFUNKSJONANE

Vedlegg	Funksjon	SUM kostnad	SUM inntekt	SALDO
Vedl. 4-1	Kyrkjeleg administrasjon	2 544 090	-863 275	1 680 815
Vedl. 4-2	Kyrkjer	4 430 436	-243 417	4 187 019
Vedl. 4-3	Gravplassar	2 507 480	-1 629 924	877 556
Vedl. 4-4	Andre kyrkjelege føremål	2 648 734	-2 273 477	375 257
Vedl. 4-5	Finansieringstransaksjonar	2 385 886	-9 506 533	-7 120 647
		14 516 626	-14 516 626	0

OPPSPLITTING AV "ANDRE KYRKJELEGE FØREMÅL"

Vedlegg	Funksjon	SUM kostnad	SUM inntekt	SALDO
Vedl. 5-1	0440 Kyrkjelydsarbeid	688 417	-887 291	-198 874
Vedl. 5-2	0441 Diakoni	855 464	-828 131	27 333
Vedl. 5-3	0442 Trusopplæring	860 534	-859 786	748
Vedl. 5-4	0443 Konfirmantar	297 045	-278 343	18 702
Vedl. 5-5	0449 Sangaste / Estland	80 094	-68 534	11 560
		2 781 554	-2 922 085	-140 531

Del 3: Dybderekneskap på einskilde tenestekområder

0440 Kyrkjelydsarbeidet	Vedlegg 10
0441 Diakoni	Vedlegg 11
0442 Trusopplæring	Vedlegg 12
0443 Konfirmantarbeidet	Vedlegg 13
0449 Sangaste Estland	Vedlegg 14
0431 Gravstell	Vedlegg 15



Konfirmantarbeidet har nådd nye høgder etter at ein tur med Statsraad Lehmkuhl blei ein fast del av konfirmantplanen. (Foto TL)

0440 KYRKJELYDSARBEID

Konto(T)	Rekneskap	Opprinn. budsjett	Justeringar	Total budsjett	Avvik
Lønn	763 218	823 048		823 048	59 830
Varer og tenester	16 345	63 471		63 471	47 126
Mva generell komp.	79	6 001		6 001	5 922
Sum bruk av midlar	779 642	892 520	0	892 520	112 878
Refusjon	0	-32 980		-32 980	-32 980
Refusjon mva	-79	-5 990		-5 990	-5 911
Statleg tilskot undervisningsstilling	-610 000	-599 996		-599 996	10 004
Overføring frå kommune	0	0		0	0
Innsamling næringsliv	0	0		0	0
Sum tileigna midlar	-610 079	-638 966	0	-638 966	-28 887
BALANSE	169 563	253 554	0	253 554	83 991

0441 GJEVARTENESTE FOR DIAKON

Konto(T)	Rekneskap	Opprinn. budsjett	Justeringar	Total budsjett	Avvik
Lønn	529 145	532 040	0	532 040	2 895
Varer og tenester	77 262	130 056	0	130 056	52 794
Mva generell komp.	6 729	11 001	0	11 001	4 272
Refusjon	6 882	0			
Transportmidlar	7 847	8 014	0	8 014	167
Sum bruk av midlar	627 865	681 111	0	681 111	53 246
Inntekt frå kurs	-20 250	-33 986	0	-33 986	-13 736
Refusjon mva	-6 729	-10 999	0	-10 999	-4 270
Statleg tilskot	-45 000	-139 992	0	-139 992	-94 992
Overføring frå kommune	0	0	0	0	0
Overføring frå sokneråda	-200 000	-199 998	0	-199 998	2
Privat gjevarteneste	-81 100	-99 986	0	-99 986	-18 886
Innsamling næringsliv	-71 000	-79 994	0	-79 994	-8 994
Andre gåver/tilskot/refusjon	-31 337	-34 994	0	-34 994	-3 657
Sum tileigna midlar	-455 416	-599 949	0	-599 949	-144 533
NETTO DRIFT	172 449	81 162	0	81 162	-91 287
Renteinntekter	-4 685				
Bruk av fond	-13 999				
	153 765				

Av meirforbruket på 153 765 vert ca 81 000 dekkja av det kommunale rammetilskotet på tenesta 0890. Resterande har fellesrådet tatt stilling til skal dekkjast av mindreforbruket for fellesrådet totalt sett. Dersom dette hadde vore dekkja av bundne fond ville dette gitt eit totalt mindreforbruk på 424 967

ENDRING AV BUNDNE FOND FOR GJEVARTENESTA

	2014	2015	2016	2017
Fondsmidlar pr 01.01	372 756	273 764	388 727	365 865
Bruk av fond	98 992	0	22 862	13 999
Tilført nye midlar		114 963	0	0
Saldo fondsmidlar pr 31.12	273 764	388 727	365 865	351 866

SALDO PÅ BANKKONTOANE FOR GJEVARTENESTA

	31.12.2014	31.12.2015	31.12.2016	31.12.2017
Konto for sokneråd/privat gjevarteneste	294 079	139 921	267 879	177444
Konto for næringsliv	113 793	198 145	121 045	193602
Sum	407 872	338 066	388 924	371 046

0442 TRUSOPPLÆRING

Konto (T)	Rekneskap	Opprinn. budsjett	Justeringar	Total budsjett	Avvik
Lønn	691 598	653 048		653 050	-38 548
Trusopplæringstiltak (1*-2*)	121 480	153 327		153 327	31 847
Adm.kostnad	28 001	28 001		28 001	0
Mva generell komp.	7 214	6 001		6 001	-1 213
Sum bruk av midlar	848 293	840 377	0	840 377	-7 914
Div inntekt	-26 796	-12 986		-12 986	13 810
Anna refusjon	-743	0		0	
Refusjon mva	-7 214	-5 999		-5 999	1 215
Statleg tilskot	-813 540	-834 998		-834 998	-21 458
Andre gâver/tilskot/refusjon	0	0		0	0
Sum tileigna midlar	-848 293	-853 983	0	-853 983	-6 433
BALANSE	0	-13 606	0	-13 606	-13 606

0443 KONFIRMANTARBEID

Konto (T)	Rekneskap	Opprinn. budsjett	Justeringar	Total budsjett	Avvik
Tilrettelagt komfirmantunderv.	0	0	0	0	0
Pensjon	0	0	0	0	0
Arbeidsgjevaravgift	0	0	0	0	0
Konfirmantarbeid. Bøker etc.	46 096	50 014	0	50 014	3 918
Konfirmantarrangement tur/weekend	220 705	220 002	0	220 002	-703
Representasjon, gåver o.l.	0	0	0	0	0
Anna materiell	2 048	0		0	-2 048
Utgifter til forelesar / kurshaldar	6 350	15 010	0	15 010	8 660
Moms generell kompensasjonsordning	22 746	12 001	0	12 001	-10 745
Sum bruk av midlar	297 945	297 027	0	297 027	-918
Eigenbet. komfirmantudervisning	-209 400	-249 998	0	-249 998	-40 598
Refusjon for MVA påløpt i driftsrek...	-22 746	-11 999	0	-11 999	10 747
Trusopplæring 15 år	0	-34 994	0	-34 994	-34 994
Gåve frå næringslivet	-5 000	0		0	
Sum tileigna midlar	-237 146	-296 991	0	-296 991	-64 845
BALANSE	60 799				

0449 SANGASTE / ESTLAND

Konto(T)	Rekneskap	Opprinn. budsjett	stering	Total budsjett	Avvik
11302 Bankteneste, gebyr m.m	818	814	0	814	-4
11501 Kurs- og rettleingsmateriell	649	3 010	0	3 010	2 361
11505 Sommarleir i Estland	38 973	23 602	0	23 602	-15 371
11550 Transportutgifter til/frå kurs og leirar	23 802	22 414	0	22 414	-1 388
11606 Estlandskomiteen	6 127	13 006	0	13 006	6 879
11607 Estland ungdomsrepr.	0	15 002	0	15 002	15 002
11608 Opphaldsutgifter	2 820	3 010	0	3 010	190
11905 Anna leige	300	0		0	-300
VARER OG TENESTER	73 489	80 858	0	80 858	7 369
14703 Sangaste Bibelkurs	0	0	0	0	0
14704 Sangaste 1-åringsteneste	5 000	4 510	0	4 510	-490
14705 Sangaste kyrkjelydsarbeid	16 500	9 010	0	9 010	-7 490
14706 Sangaste ungdomsarbeid	0	0	0	0	0
15500 Avsetning til bundne fond.	27 576	0		0	-27 576
TILSKOT OG GÅVER	49 076	13 520	0	13 520	-35 556
SUM KOSTNADER	122 565	94 378	0	94 378	-28 187
16104 Eigenbetaling Estland	-3 000	-9 780	0	-9 780	-6 780
17290 Refusjon for MVA påløpt i driftsrek...	0	0	0	0	0
17405 Annan refusjon	0	0	0	0	0
17505 Annan refusjon	0	0	0	0	0
Refusjon / Eigenbetaling	-3 000	-9 780	0	-9 780	-6 780
18009 Anna statleg tilskot	0	0	0	0	0
18601 Offer	-72 893	-61 490	0	-61 490	11 403
18606 Innsamla midlar	0	0	0	0	0
18607 Private gåver	-46 250	-19 994	0	-19 994	26 256
18609 Andre gåver	-400	-1 490		-1 490	-1 090
OFFER OG GÅVER	-119 543	-82 974	0	-82 974	36 569
19000 Renteinntekter	-22	0	0	0	22
19300 Tidlegare års rekn.messig mindreforbruk	0	-1 798	0	-1 798	-1 798
SUM INNTEKTER	-122 565	-94 552	0	-94 552	28 013
BALANSE	0	-174			

0431 STELLAVTALE

Konto(T)	Rekneskap	Opprinn. budsjett	Rekneskap 2016	Avvik
Anna forbruksmateriell/tenestetilbod	1 493		150 434	-1 493
Matr. til gravstell	17 508		17 410	-17 508
Interne overføringar	0			0
Sum bruk av midlar	19 001	0	167 844	-19 001
Stell av graver (legat)	-56 043		-4 805	56 043
Avtale om gravstell avg.pl.	-104 365		-113 115	104 365
Sum tileigna midlar	-160 408	0	-117 920	160 408
Netto drift	-141 407	0	49 924	141 407
Avsetning til bundne fond	54 550		4 805	
Bruk av fond	0		-150 420	
Renteinntekt	-9 985		0	
	-96 842		-95 691	

Grunne til at det på Bruk av fond er ført 0,-, er fordi det er tilført meir til fondet i løpet av året enn det som er brukt av fondet.

ENDRING PÅ KONTO FOR STELLAVTALAR

	2017	2016	2015
Fondsmidler pr 1.1	765165	901 649	912 761
Innskot	191250	98 865	63 557
Renter	9985	9 145	13 981
Gebyr	0	0	-2 400
Tilbakebetalingar og korreksjon	-1493	-108 850	0
Andre tenester	-4750	-4 250	-5 000
Arbeid med stell	-139601	-131 394	-81 250
Saldo pr 31.12	820 556	765 165	901 649
Endring frå året før	55 391	-136 484	

Del 4: Rekneskapsavslutning

KAPITALKONTO

Vedlegg 16

NOTER

Vedlegg 17

Avslutningsvis fortel Kapitalkontoen at Fellesrådet forvaltar verdier for nesten 60 mill kroner.

Notene gir ei oversikt over endringane i dei verdiane som Fellesrådet forvaltar.

Året 2017 går mot hell og det skal først rekneskap for kva midlane har fått utretta. Det har ikkje vore mange store prosjekt gjennom 2017, men dette er dei prosjekta noko av investeringsmidlane har gått til:

- Slutføring av asfaltering av parkeringsplassen ved Lykling kyrkje
- Utbetring av fasilitetane ved Lykling kyrkjegard.

Årsrekneskapen og Årsrapporten utfyller kvarandre og må sjåast i samanheng. Kyrkjeleg fellesråd sin rekneskap må også bli vurdert saman med kyrkjelydane sine årsrekneskap og årsrapport. Samla gir dette eit godt bilete av kva som rører seg i sokna.



REKNESKAP 2017 - KAPITALKONTO

DEBET		KREDIT	
		01.01.2016 Inng.balanse	57 895 702
Avskrivning utstyr, maskinar og transportmidlar	435 005	KLP egenkap. innskot 2017	39 271
Avskrivning fast eigedom 2016	1 306 785	Aktivering Parkeringsplass Lykling	23 710
		Aktivering Servicehus Lykling	360 089
31.12.2016 Utg. balanse	56 576 982		
	58 318 772		58 318 772

NOTER

Note 1 Egedelar

Auke i egedelar i 2017 relaterer seg til både kyrkjer og gravplassar. Dei største endringane ligg her:

Ferdigstilling av asfaltering ved Lykling kyrkje	23 700
Servicehus Lykling	361 000

Note 2 Pensjonsforplikting og eigenkapital i pensjonsforetak

Pensjonsforpliktinga er dekkja gjennom KLP. Årets premie er utgiftsført.

Eigenkapitalen i KLP er i 2016 auka med kr 34 313. Endring i balansen er slik:

01.01.2017	317 918
Nyt innskot	39 271
31.12.2017	357 189

Note 3 Kortsiktige fordringar

Kortsiktige fordringar er auka frå 172 464 til 247 204

Note 4 Bundne driftsfond

	31.12.2015	31.15.2016	31.15.2017	Endring
Gjevartenesta for diakoni	388 727	365 865	351 866	-13 999
Bunde fond Sangste / Estland	75 533	64 000	91 575	27 575
Bunde fond næringsliv	10 000	10 000	10 000	0
Gravlegat (Eige rekneskap - sjå vedlegg 15)	901 649	765 165	820 556	55 391
Samla sum Bunde driftsfond	1 375 909	1 205 030	1 273 997	68 967

Note 5 Ubundne investeringsfond

Fellesrådet har ikkje hatt generelt investeringsfond i 2017, men kom ut med 107 834 i udisponerte midlar i investeringsrekneskapen pga. at siste del av utgiftene knytt til servicebygget på Lykling ikkje vart bokført før i 2018.